

FDV TRÆR

Planting:

Ta av potta før planting, men la eventuell strie eller nett være på. Ser det stramt ut i toppen kan det løyses litt etter at planta er plassert i plantehullet. Dei aller fleste planter skal bli planta slik at toppen av klumpen er jevnt med jordoverflata, men er det ekstra tung jord kan klumpen godt stikka litt over. Dette gjeld også om ein bruker bark. Då skal toppen av klumpen vere jevnt med toppen av barken. Planteklumpen skal vere heilt gjennomvåt ved planting.

Oppbinding:

Man må bruke oppbinding/forankring dei første 2-3 årene. Husk å løyse oppbindinga etter kvart som treet veks. Etter ca. 3 år kan vanlegvis oppbindinga fjernast heilt.

Jord:

Det er viktig at jorda er godt nok drenert, samtidig som den kan holda på næring og fukt. Vær ekstra påpasseleg med god drenering til Rhododendron. Dersom man tilset veksttorv eller kukompost ved planting, bør dette blandas med jorda på staden. Jorda bør inneholde minst mogleg ugrass, og i alle fall ikkje rotugras.

Vatning:

Det er viktig å vatne tilstrekkeleg, særleg i etableringsfasa. Pass på at vatnet kjem seg heilt ned i rota og ikkje berre gjer det fuktig i det øverste laget. Det må kun vatnas når det er behov for det. For mykje vatn kan skade plantene.

Gjødning:

Ein bør gi gjødning tre gonger i sesongen, vår, sumar og seinsumar. Nyttar ein fullgjødning vil ca 50-60 gram pr m2 passe for dei flest sortar i «normal» jord.

Ugras:

Ein bør fjerne ugraset regelmessig. Dekkbark eller liknande kan brukas for å redusere arbeidet.

Kvisting:

Ein skjer etter korleis ein ynskjer at planta skal sjå ut. Vårblomstrande buskar bør skjerast rett etter blomstring. Ved fjerning av oppbinding, kan det være lurt å skjære krona litt, spesielt på vindutsatte stadar.

Det er viktig å nytte fagfolk til både planting og skjøtsel.



SUNNHORDLAND PLANTESKULE AS